

## Sesongavslutning med Lothepus for fotballaget G10

05.11.2017



G10 saman med Lothepus: William(f.v.), Amund, Jan Arild, Petter, Lothepus, Sondre, Simon og Isak

Etter ein travel sesong med mykje reising til Odda, Solnut og Tyssedal eit par tre ganger kvar stad. Var det endelig slutt, og til neste år får vi satsa på og holda oss på rett sida av folgefonnstunnelen. For å få ein verdig slutt på sesongen måtte vi ta oss ein siste tur til gjennom tunnelen.



Med premiar: Simon, Sondre, Amund, Jan Arild, William, Isak og Petter liggande foran.

Vi meldte oss på Tysco cup i Tyssedal. Men vi har gjort det så godt i år at vi måtte ha noko meir en bare ein cup på søndagen. Derfor fiksa vi ein vennskapskamp på lørdagen mot Røldal, men det er jo så langt at då trengte vi overnatting.

Då kontakta vi sponsoren vår Hardanger Rock ved Anne Kristin Bondhus og Kjell Apeland. Vi har jo funne ut at dei seier jo ikkje nei., så då blei det overnatting og god frukost på Hordatun Hotel. Alt betalt av den steingode sponsoren vår, Hardanger Rock, så tusen takk til Anne Kristin og Kjell.

Resultata var og steingode, 4-4 mot Røldal 10/11 år.

Tap 0-1 og 2-3 mot Odda, men dei hadde med 2 lag og litt større spelargruppe kan du sei.

Tilslutt vann vi 2-0 over Harding som hadde 3 lag med.

Sidan vi var sponsa av Hardanger Rock, var det ikkje mange som var lika harde som oss i Tyssedal denne søndagen. Men ein var det, - sjølvaste Lothepus!

Han blei imponert då han fekk høyra at gutane hadde vore på treningsleir i Røldal.

Dermed fekk vi til og med ta bilde av dei 8 tøffaste i Hardanger denne søndagen.

Tekst og foto: Trond Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland.